



TIPS FOR Å KOMA MED INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN FOR SVEIO 2019-2031

For at Sveio kommune enkelt skal kunne sortere og vurdere innspel og merknader som kjem inn til arbeidet med kommuneplanen, ber vi om at konkrete innspel til planarbeidet vert ført inn i **MAL FOR INNSPEL TIL KOMMUNEDELPLAN FOR SVEIO SENTRUM 2016-2028** (sjå eigen link). Det går bra å sende ikkje bruka malen men då er det viktig at det går fram av innspelet kva areal innspelet omfattar og kven som har levert det.

Kommunen ønskjer ulike innspel til planarbeidet men er særleg interessert i innspel og forslag av overordna karakter. Dette kan vera forslag til nye område for grønstruktur, nye turstiar, godt eigna byggeområde for bustader, gode løysingar for å sikra fellesinteresser, område for næringsverksemd, område for friluftsliv eller fritidsaktivitetar, gode tiltak i strandsona som i tillegg til eventuell utbygging legg til rette for tilkomst for ålmenta m.v.

Innspel må vera så konkrete og tydelege at kommunen enkelt kan tyde og vurdere dei. Innspel som omhandlar nye eller endra arealføremål i planen må følgjast av eit eller fleire kart som viser kva område som er føremål for innspelet. Avgrensinga av nytt eller endra arealføremål kan teiknast inn for hand eller elektronisk via nokon kartteneste på Internett. I nokre tilfelle kan det vera hensiktsmessig å leggja ved bilete av det område som innspelet omhandlar for å tydeleggjere og spesifisere plasseringa.

Alle innspel skal vera skriftlege men det er høve til å ta kontakt med samfunnsplanleggja Åse Aleheim for avklaringar før innspel sendast/leverast inn. Ved innlevering må ein hugsa å skriva dato, avsendar, adresse/e-postadresse og kva saka gjeld (merka forsendinga med «Innspel til kommuneplanen»).

Jo meir detaljerte innspela er, desto lettare vert det for prosjektgruppa i kommunen å vurdere dei.

I dei tilfelle der innspela treng kart for å spesifisere kva område innspela gjeld så kan karta hentast ut frå mellom anna www.fonnakart.no, www.norgebilder.no og www.seeiendom.no. I den første og siste linken kan ein gjere søk i kartet med adresse eller gards- og bruksnummer for å finne korrekt lokalitet. Fonnakart er kanskje den beste karttenesta å bruke til innspel då det i tillegg til å kunna søkja opp spesifikke eigedomar er mogleg å teikna direkte i kartet før ein skriver det ut eller lagrar det på eigen PC. Tips for korleis ein skriver ut/lagrar kart og korleis ein kan teikne i Fonnakart er å finne i ein anna link.

LINK TIL KOMMUNEN SINE PLANAR

Gjeldande kommuneplan for Sveio 2011-2023:

<http://www.sveio.kommune.no/planar/kommuneplan-for-sveio-kommune-2011-2023.6298.aspx>

Gjeldande reguleringsplanar i kommunen:

<http://www.sveio.kommune.no/planar/kommunedelplanar-og-reguleringsplanar.5145.aspx>